



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 24.01.2019
Møtestad: Austrheim kommunehus, møterommet Børilden
Møtetid: 09:00 - 12:10

Jan Erik Espelid (V) gjekk 09.30, under handsaminga av delegerte saker, 005/19.

Jan Erik Espelid (V) var tilbake klokka 10.15, til starten av sak 006/19.

Siri Kaland (Ap) var ugild i sak 010/19.

Formannskapet avgjorde at sak 012/19, "Søknad om tilskot frå næringsfondet", skulle handsamast i ope møte. Vedlegga som var unnateke offentlegheit vart difor ikkje delte ut i møtet.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anne Dahle Austrheim	KRF	Varaordfører
Jorund Stellberg	UAH	Medlem
Siri Kaland	AP	Medlem
Jan Erik Espelid	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordfører

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Hardy Pedersen	AP	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjon:

Asbjørn Nagell Toft
Olav Birger Andersen
Olav Mongstad
Rolf-Henning Myrmel
Thomas Lindås

Austrheim 24. januar 2019

Anne Dahle Austrheim
varaordfører

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møteprotokoll
003/19	Meldingar
004/19	Delegerte saker
005/19	Orienteringssak
006/19	Dispensasjon - takform fritidsbustad, gbnr 157/103 Bergsvik
007/19	Dispensasjon frå reguleringsplan Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - PlanID 2014005- Endring av plassering av fortau og busslomme
008/19	Godkjenning av Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune
009/19	Klage på godkjenningsvedtak på Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyyna - del av gnr. 163, planid. 2017005
010/19	Klage på vedtak om utlegging av marina i Nordre Fønnesvågen
011/19	Planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002.
012/19	Søknad om tilskot frå næringsfondet
013/19	Konstituering i stillinga som rådmann frå 10. januar 2019

001/19: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS - 001/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

002/19: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

FS - 002/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent.

003/19: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 003/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

004/19: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

24.01.2019 FORMANNSKAPET

For Delegert sak 028/18 spurte Siri Kaland (Ap) om parkeringstilhøva for marinaen. Thomas Lindås og Asbjørn Toft frå administrasjonen svara at det er gitt ein frist på to år for å få plass dette med parkering. Det vil vera lettare å få dette til når ein har selt ein del plassar i marinaen, med tanke på finansieringa av parkeringsplassane. Om dette med parkeringsplassane ikkje kjem i orden, har kommunen høve til å leggja krav om stans av bruk av marinaen.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS - 004/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til orientering.

005/19: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Det vart gjeve fleire orienteringar:

Økonomisjef Olav Andersen orienterte litt om økonomi. Andersen har sett mellom anna på lønskostnader for januar 2019 opp mot tilsvarende kostnader i 2018. Høge lønskostnader på hausten 2018 kjem mellom anna av at Austrheim kommune i ein periode løna to rådmenn, i overgangen mellom avtroppande og påtroppande rådmann.

Økonomisjefen skal saman med avdelingsleiarane laga eit oversyn over tal tilsette i dag og mot slutten av året, for å kunna dokumentera utviklinga i 2019. Skal også jobba tett med avdelingsleiarane for å halda dei rammene som er sette i budsjettet, for å kunna få det overskotet ein siktar mot. Grovt rekna må kommunen driftast i underkant av 14 millionar rimelegare i 2019 enn i 2018, for å klara eit overskot på over 6 millionar, med sju millionar lågare inntekter.

Når det gjeld rekneskapen for 2018 er denne ikkje klar enno.

Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om montering av teleslynge i kafeen på Samfunnshuset, der kommunestyret har sine møte. Mongstad viste til at Austrheim kommune er ei IA-bedrift med krav om universell tilrettelegging, og at denne investeringa må takast. Kostnaden (inntil 20.000 kroner) kan hentast frå fellesposten IKT Austrheim, som er på 150.000 kroner.

Formannskapet støtta ei slik løysing for teleslynge som Olav Mongstad skisserte.

Leiar teknisk drift Rolf Henning Myrmel orienterte om behovet for å gjera noko med parkeringssituasjonen ved Austrheimhallen/Årås skule. Kommunen har gjort ulike tiltak for å få til dette på ein ryddig og trafikksikker måte, men har ikkje lukkast. Bussane er per i dag flytta ned til parkeringsplassen ved Austrheimhallen, men sjåførane melder at dei på morgonen opplever at det er kaotisk med foreldre som kjører borna til skulen og parkerer der bussane skal stå.

No ønskjer ein å ta i bruk igjen snuslynga ved skulen til bussar. Administrasjonen vil skilta denne med innkjøring forbode mellom 0800 og 0900 for alle andre enn bussar (også unntak for rørslehemma med fleire), slik at bussane er aleine der på morgonen. På ettermiddagen vil bussane henta nede ved Austrheimhallen som i dag, for etter skuletid er det ikkje like store problem med privatbilar.

I denne saka er det formannskapet som har mynde til å avgjera skiltinga, og Myrmel sa at dersom formannskapet støttar framlegget, så vil ein starta med å førebu ei sak på dette.

Jorund Stellberg (Uavh) sa at det gjerne skulle vore innkjøring forbode der heile døgnet, for å unngå biltrafikk opp til skulen.

Assisterande rådmann Olav Mongstad sa det er bra for administrasjonen å ha politisk støtte for å vera restriktive til trafikk i dette området.

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft sa at ein gjerne kan sjå denne saka i samanheng med ei større sak om korleis ein skal tilrettelegga for at fleire går eller sykklar, heller enn å kjøra heilt fram til skulen.

Rolf Henning Myrmel sa at administrasjonen no vil førebu ei politisk sak på dette til formannskapet.

Formannskapet tok desse orienteringssakene samrøystes til orientering.

Til slutt i møtet orienterte assisterande rådmann Olav Mongstad om saker som er undervegs til politisk handsaming:

* Nedlegging av Austrheim valkrins, mellom anna for å spara kostnader.

* Etablering av røystelokale i Nordhordland Næringshage på Mastrevik Torg.

* Anleggsbidrag i samband med utbygging av fortau ved Toftegård.

* Vurderingar av eit tettare samarbeid i randkommunane i Nordhordland, for fleire ulike tenester.

* Deling av tenesta som kyrkjeverje mellom Masfjorden kommune og Austrheim kommune.

* Status for sal av kommunale tomter og bygningar.

FS - 005/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Orienteringane vart teke til vitande.

006/19: Dispensasjon - takform fritidsbustad, gbnr 157/103 Bergsvik

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner søknad om dispensasjon for krav om takform i føresegnene til reguleringsplan for hyttefelt H06 i Bergsvik, - Gnr. 157, plan id 12642006003, pkt. 3.1.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 12-4 disp frå reguleringsplan.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Jan Erik Espelid (V) spurte om korleis ein ser på dette med takvinklar. Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft svara at det gjerne kan ligga noko om dette i retningslinjene i reguleringsplanen for eit hyttefelt som dette, men at det ved sal av ei og ei tomt så kan dukka opp ulike form for bygg.

FS - 006/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner søknad om dispensasjon for krav om takform i føresegnene til reguleringsplan for hyttefelt H06 i Bergsvik, - Gnr. 157, plan id 12642006003, pkt. 3.1.

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 12-4 disp frå reguleringsplan.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Vestland for klagevurdering.

007/19: Dispensasjon frå reguleringsplan Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy - PlanID 2014005- Endring av plassering av fortau og busslomme

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy, planid 2014005 som omsøkt.

-Vilkår er at omsøkt tiltak vert bygd ut i tråd med plankart og rekkefølgekrav for Reguleringsplan Søre Neset gnr. 147 bnr. 2. planid 2005003 som vart godkjent i kommunestyret den 29.06.2005.

Grunngjeving for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Hordaland til klagevurdering.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft orienterte om denne saka. Helst ville ein bygd ut etter den siste godkjende reguleringsplanen, men det er ikkje midlar til dette, og dispensasjonen gjer det mogleg å gje dei som bur i dette området ei betre trafikkisikring. Denne løysinga er godkjent av Statens vegvesen. Utbygginga vil gjera det tryggare for dei som bur der og opna for nye bustader, og den vil ikkje vanskeleggjera ei seinare utbygging etter den siste reguleringsplanen. Dispensasjonen gjev ikkje ei ideell løysing, men betre enn i dag.

Fungerande ordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) viste til at dette må til for at det skal kunna byggast fleire hus i området, sidan vegutbetringa ligg som rekkefølgjekrav for utbygging. Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 007/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Formannskapet gjev på vilkår dispensasjon frå detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik - Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy, planid 2014005 som omsøkt.

- Vilkår er at omsøkt tiltak vert bygd ut i tråd med plankart og rekkefølgjekrav for Reguleringsplan Søre Neset gnr. 147 bnr. 2. planid 2005003 som vart godkjent i kommunestyret den 29.06.2005.

Grunngjeving for vedtaket står i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

008/19: Godkjenning av Lokal forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune**. Forskrifta er datert oktober 2018. Grunngjevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med forskrifta. Dette er utslepp som ikkje vert handterte av kommunale anlegg, og det er ein del vassdrag, vågar og pollar i Austrheim som er påverka av slike utslepp. Ei slik forskrift skal sikra god og lik handsaming uavhengig av sakshandsamar.

Det har vore store endringar i vassdraga berre sidan 1950-talet og fram til no, med bruk av kunstgjødsel, vassklosett og påverknad av sur nedbør. Forskrifta skal sikra god forvaltning av private avlaup. Der ein kan få det kopla på kommunalt anlegg gjer ein det, eller i tett leidning til sjø. Målet er å ha minst mogleg avrenning til vassdrag og vatn.

Om minireinseanlegg viste Toft til at effekten av desse kan verta påverka av kor stor bruken er, drift og vedlikehald, og ytre påverknad som lynnedslag eller anna.

Jorund Stellberg (Uavh.) sa at det var bra at det no kom ei lokal forskrift for Austrheim.

Samrøystes vedteke i formannskapet.

FS - 008/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner **Lokal forskrift om utslepp av sanitært avløpsvatn frå mindre avløpsanlegg for Austrheim kommune**. Forskrifta er datert oktober 2018. Grunngevinga for vedtaket er å oppnå dei miljømåla som er satt i Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021. Lokal forskrift er heimla i Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningslova) § 9 jf. Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) § 12-6, og Lov om behandling i forvaltningssaker §37.

009/19: Klage på godkjenningsvedtak på Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune tek klagen til Fylkesmannen i Hordaland til følgje, og tek ut dei to siste setningane i vedtaket gjort den 08.11.2018, sak 085/18. Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Godkjenningsvedtaket vert då:

*Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005**. Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.*

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft viste til at denne reguleringsplanen hadde vore gjennom ein lengre runde før den var oppe i kommunestyret sist, mellom anna med dialogmøte med Fylkesmannen.

Når desse to rorbuene kom inn som ei endring i kommunestyret si handsaming, var det ikkje overraskande at det kom klage frå Fylkesmannen, sidan dette ikkje var slik ein var samde om i dialogmøtet. Rådmannen innstiller på at ein tek klagen til følgje, slik at dei som har igangsett arbeidet med reguleringsplanen kan komma i gang. Toft meiner at alle partar i denne saka har fått noko gjennom den reguleringsplanen som er utarbeidd.

Slik rådmannen ser det, vil ein ved ei handsaming hjå settefylkesmann ikkje klara å oppnå noko anna resultat enn det som er komme fram så langt, anna enn at det kjem til å gå tid til nye høyringsrundar og planarbeid, som kan ta rundt eit års tid å gjennomføra.

Fungerande ordførar Anne Dahle Austrheim (KrF) spurte om ein kan seksjonera desse einingane seinare.

Toft svara til Anne Dahle Austrheim at også etter ei eventuell seksjonering vil dette området vera regulert til næring, slik at dei som eventuelt brukar dette meir "privat" må vera budde på at nabo-
rorbuene vert brukte som næring (utleige). Toft sa at dersom dette vert godkjent etter planen kan utbyggarane raskt komma i gang med utviklinga, både småbåthamn med meir.

Jorund Stellberg (Uavh.) sa at for henne tel det mykje at kommunestyret har sagt at desse to nausta skal kunna vera rorbuer, som er det nye momentet som har komme i denne saka.

Siri Kaland (Ap) sa at gruppemøtet til Ap har diskutert saka, og at ein går for det framlegget som ligg frå rådmannen.

Assisterande rådmann Olav Mongstad tok opp om denne saka skulle vidare til kommunestyret. Semje i formannskapet om at den ikkje skulle det.

Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 009/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune tek klagen til Fylkesmannen i Hordaland til følge, og tek ut dei to siste setningane i vedtaket gjort den 08.11.2018, sak 085/18. Grunngeving er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Godkjenningsvedtaket vert då:

*Austrheim kommune godkjenner **Detaljregulering for næringsområde og småbåthamn på Langøyna - del av gnr. 163, planid. 2017005.** Plankart er datert den 01.10.2018 og reguleringsføresegner er datert den 05.10.2018. Grunngevinga for vedtaket står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12.*

010/19: Klage på vedtak om utlegging av marina i Nordre Fønnesvågen

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune tek klagen til Frode Gullaksen delvis til følge. Småbåthamn/marina i samla situasjonsplan vert flytta i tråd med oppdatert teikning av anlegget frå Marina Solutions, dei nye bryggene vert då vinkla ca. 12 grader mot nord slik at det vert betre tilkomst mellom bryggjene. Tilflottsretten til eigedom gbnr. 131/166 vert då sikra. Nye og eksisterande forankringsliner skal tilpassast slik at det ikkje vert kryssing. Tilkomsten til småbåthamna/marina frå land vert som omsøkt. Løyve i sak 18/869 med saksnr. 128/18 gjort den 23.11.2018 vert med desse endringane fortsatt gjeldane.

Rådmannen må følgja opp vedtak gjort den 30.10.2008 dersom omsøkt småbåthamn/marina i samla situasjonsplan kjem i konflikt med eksisterande flytebryggje som fekk løyve til midlertidig utlegging på gnr 131 bnr 96 Fønnes til plan i området vart godkjent.

Grunngeving for vedtaket er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Siri Kaland (Ap) tok opp spørsmålet om eigen gildskap. Formannskapet (Kaland røysta ikkje) var samrøystes i at ho var ugild i denne saka.

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft og sakshandsamar Thomas Lindås frå administrasjonen orienterte om saka og framlegget til vedtak.

Jorund Stellberg (Uavh.) viste til at dette gjev mulegheiter til å løysa situasjonen til det beste for alle. Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 010/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim kommune tek klagen til Frode Gullaksen delvis til følge. Småbåthamn/marina i samla situasjonsplan vert flytta i tråd med oppdatert teikning av anlegget frå Marina Solutions, dei nye bryggene vert då vinkla ca. 12 grader mot nord slik at det vert betre tilkomst mellom bryggjene. Tilflottsretten til eigedom gbnr. 131/166 vert då sikra. Nye og eksisterande forankringsliner skal tilpassast slik at det ikkje vert kryssing. Tilkomsten til småbåthamna/marina frå land vert som omsøkt. Løyve i sak 18/869 med saksnr. 128/18 gjort den 23.11.2018 vert med desse endringane fortsatt gjeldane.

Rådmannen må følgja opp vedtak gjort den 30.10.2008 dersom omsøkt småbåthamn/marina i samla situasjonsplan kjem i konflikt med eksisterande flytebrygge som fekk løyve til midlertidig utlegging på gnr 131 bnr 96 Fonnes til plan i området vart godkjent.

Grunngjeving for vedtaket er elles gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

011/19: Planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70, planid. 2007002.

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet legg forslag til planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 med planid. 2007002 ut på offentlig ettersyn. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Plandokumenta, plankart og føresegner er datert den 08.01.2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar plan m.m. Asbjørn Toft orienterte om saka. Småbåthamna er i reguleringsplanen flytta til faktisk plassering, det er lagt inn areal til naust heller enn til boder/lager, eksisterande vegar er regulerte inn, og det er lagt inn to nye hyttetomter. Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 011/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Formannskapet legg forslag til planendring av reguleringsplan Hyttefelt på Lauvøy 160/70 med planid. 2007002 ut på offentlig ettersyn. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Plandokumenta, plankart og føresegner er datert den 08.01.2019. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

012/19: Søknad om tilskot frå næringsfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim formannskap løyver 25 000 kr til søknaden frå Mongstad Industrier. Kostnaden vert dekkja frå konto 14900, ansvar 8000, tilleggsøyvingar etter formannskapet si avgjerd.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

Formannskapet diskuterte om saka skulle handsamast i ope eller lukka møte. Det var semje i formannskapet om at dette skulle vera ei open sak, og dei dokumenta (vedlegg til søknaden) som var unnateke offentlegheit vart difor ikkje delte ut.

Assisterande rådmann Olav Mongstad orienterte om søknaden, som kom inn i desember 2018.

Mongstad har orientert søkerane med at dei tildelingane som er gjort tidlegare har vore i storleik 20.000 til 30.000 kroner, og i denne saka er det tilrådd støtte på 25.000 kroner, der støtta mellom anna er grunngjeve med at det er tale om eit lokalt tilbakekjøp.

Siri Kaland (Ap) etterlyste ein større diskusjon om kva ein skal bruka desse midlane i næringsfondet til, og viste til at det for større bedrifter vert meir ein klapp på skuldra. Jan Erik Espelid (V) viste til at det er tale om lokale arbeidsplassar. Jorund Stellberg (Uavh.) var oppteken av det var ei bedrift som heldt til lokalt. Anne Dahle Austrheim (KrF) sa det var ein viktig symboleffekt å gje støtte. Hardy Pedersen (Ap) viste til at dette var del av ein større finansieringspakke for bedrifta.

Samrøystes vedtak i formannskapet.

FS - 012/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Austrheim formannskap løyver 25 000 kr til søknaden frå Mongstad Industrier. Kostnaden vert dekkja frå konto 14900, ansvar 8000, tilleggsøyvingar etter formannskapet si avgjerd.

013/19: Konstituering i stillinga som rådmann frå 10. januar 2019

Rådmannen sitt framlegg:

1. Olav Mongstad vert konstituert i stillinga som rådmann.
2. Olav Andersen vert konstituert i stillinga som rådmann for Årås skule.

Formannskapet tar endringa i stillinga som assisterande rådmann til vitande.

Endringane gjeld frå 10. januar 2019 og gjeld i perioden rådmann Liv Løvvik er sjukemeld.

24.01.2019 FORMANNSKAPET

I denne saka ba Jorund Stellberg (Uavh.) om at administrasjonen gjekk frå, og dette støtta formannskapet. Assisterande rådmann Olav Mongstad og møtesekretær Ketil Tjore gjekk på gangen.

Formannskapet gjorde samrøystes vedtak om at saka vert utsett.

FS - 013/19 - 24.01.2019 - Vedtak:

Saka vert utsett.
